



Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2473 - 22/89275

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2022

Mellombels bruksløyve for avløpsreinseanlegg - gbnr 11/84 Hølleland

Administrativt vedtak: Saknr: 1329/22
Tiltakshavar: Øyvind Hosøy
Ansvarleg søkjar: Øyvind Hosøy
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for godkjend tiltak på gbnr 11/84// på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Avløpsreinseanlegget.
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 24.10.2024.
3. Det må liggja føre løyve til endring av godkjend plassering av avløpsreinseanlegget før ferdigattest vert gitt.

Saka gjeld søknad om mellombels bruksløyve for avløpsreinseanlegg på eigedomen gbnr 11/84.

Det vart gitt rammeløyve til oppføring av tilbygg til bustad i vedtak datert 15.01.2018 og endring av gitt rammeløyve, der avløpsanlegget også inngår, i vedtak datert 02.07.2019.

Ansvarleg søkjar har opplyst at godkjend tilbygg ikkje er påbegynt pga. problem med tilkomst fram til bygget, og at plasseringa av avløpsreinseanlegget er noko endra.

Det vert elles vist til søknad mottatt 24.10.2022

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for avløpsreinseanlegg. Då det er opplyst at plasseringa av anlegget er endra, må det sendast inn søknad om endring av gitt løyve før det vert gitt ferdigattest.

Ansvarleg sækjar skriv at godkjend tilbygg ikkje er påbegynt og at tidspunkt for slutføring er usikker. Kommunen har derfor sett frist for ferdigstilling 2 år fram i tid, dvs. 24.10.2024.

Det går fram av plan- og bygningslova § 21-9 at dersom *tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges.*

Dersom arbeidet med tilbygget ikkje vert sett i gang innan fristen over, må det sendast inn ny søknad om løyve til oppføring av tilbygg dersom tiltaket framleis er aktuelt.

Skildring

Adresse:	Hosøyvegen 54
Avløp:	Privat avløpsanlegg

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/2473

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øyvind Hosøy

Markaneset 66 5251

SØREIDGREND